

## **Referat frå styremøte i**

### **Myrkdalen LP**

**hjá Asbjørn 16/3 2009**

Desse møtte: Asbjørn Tveite, Terje Kvalfoss, Arvid Berland, Torill Årnot, Per Backer, Gudmund Furu.

Nytt styre fylte ut rapportskjema som skulle sendast til Brønnøysundregistra.

Møtegodtgjerdsle: Som i fjor vart godtgjerdsle sett til 200 kr pr møte. Dette utgjorde tilsaman 12200 kr.

Trykking av nytt opplag for Myrkdalsbrosjyren. Pris må hentast inn. Dei som har lysingar, må kontaktast om noko bør endrast i deira annonsar. Pris for lysingar vert vurdert ut i frå den totale kostnaden.

Seminar på Stalheim 12. – 13. mai. Folk må melda seg på innan utgangen av mars. Ein treng ikkje vera i styret for å melda seg på!!

Kulturminneåret: Søknad er sendt om stønad til eit historisk opplegg på Vikafjellet etter mønster frå ”ein marknad på fjellet for vikjer og myrkdøler”. Kulturkontoret i Vik er interessert i eit samarbeid om opplegget. Dersom søknaden vert innvilga, vert tilskipinga på ettersommaren. Myrkdalsmarsjen går søndag 6. september i området Helgatun/Vetlebotn.

Spørsmål frå vegnemnda Stalheim – Åsbrekke om nokon frå Myrkdalen kan vera med i nemnda.

Neste møte torsdag 16. april hos Gudmund.

Møtet slutt kl 21.30

Gudmund Furu  
-referent-